

FØRSKULEDAG.

Kjære nye 1. klassing!

Du er velkommen til førskuledag på Stranda skule
onsdag 29. Mai kl. 09.00 til kl. 12.00.

Denne dagen får du vera saman med lærarar og andre elevar på skulen, og fadderer din skal ta seg godt av deg.

Du må ha med deg matpakke og drikke, samt klede til å kunne vere ute denne dagen.

Det er frammøte på Stranda skule i Strandahallen kl.09.00. Det er i utgangspunktet foreldre/føresette sitt ansvar å følgje og hente deg på skulen denne dagen. Etter oppstart i Strandahallen, vert det foreldremøte medan borna er i gong med førskuledagen sin. Her vil foreldra få litt informasjon om skulen og SFO.

Ei lita påminning til foreldre/føresette: Dersom barnet skal gå på SFO til hausten, må ein søkje plass snarast. Dette gjerast digitalt via kommunens heimeside: www.oygarden.kommune.no

Vel møtt til førskuledag på Stranda skule. Vi gler oss til å treffe deg.

Stranda skule 30. April 2024.

Helsing

Christel Lewington Brown, rektor,
Margrethe Fikse, avdelingsleiar og
Laila Haugsbakk Forland, SFO-leiar.

